



## MØTEBOK

Tidspunkt: Onsdag 23.09.20  
Stad: Saka går som telefon/epostmøte

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård

Forfall:

Andre til stades på møte:

### **Saker til styremøtet**

Sak 59/20: Utviding av jakttid på Røldal SA

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/      Håkon Småbrekke/s/      Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

## Sak 59/20 Utviding av jakttid på Røldal SA

### Saksdokument:

Vedtak Villreinnemda møte 22.09.20-sendt tidlegare

Høyringsuttale Villreinutvalet 21.09.20-sendt tidlegare

Høyringsuttale Røldal SA m fl (HA290 og HA300)-sendt tidlegare

### Saksutgreiing:

Etter funn av smitte av skrantesjuka på Hardangervidda er det sett i verk fleire tiltak for å auke avskyting innanfor ordinær jakt. Røldal Fjellstyre har saman med andre fjellstyre på Hardangervidda vore med på omfattande tiltak og opning av grenser for å betre avskytinga innanfor ordinær jakt.

Fjellstyret meiner ein no har oppnådd det ein kan håpe å få til under ordinær jakt og viser til den store skepsisen det er frå fleire hald med utviding av jakt på dette tidspunktet. Fjellstyret meiner det er fleire moment som talar mot utviding av jakta enn det er moment for utviding. Røldal Fjellstyre peikar på fylgjande moment som talar mot utviding:

- Det har ikkje kome klare mål for kor ein vil med dei tiltaka som er innført ut over at det er ynskjeleg å felle fleire dyr for å få fleire prøver og då helst bukk.
- Å be jegerar skyte bukk i utvida jakt som vert kassert er ikkje foreneleg med god jaktskikk og bør ikkje førekome
- Det er heller ikkje god jaktetikke å skyte mykje simler utan at ein samstundes kan felle kalv
- Ver og føre på Hardangervidda i oktober vil normalt vere vanskeleg.
- Ulempene med å forstyrre dyra i brunsten er større enn fordelane ein får ved uttak av eit marginalt større tal dyr i høve til normal jakttid.

Fjellstyret er klar over Mattilsynet si haldning til at kvar einaste prøve ein får inn styrkar tala i alle modellar som er under arbeid. Fjellstyret vel likevel å avslutte jakta til ordinær tid med bakgrunn i ovanfor nemde punkt. Hovudargumentet til Røldal FS er at ein bør roe ting ned og kome fram til ein heilskapleg strategi med klare mål og verkemiddel før ein set i verk tiltak. Ein kan heller ikkje ignorera verknaden tiltaka kjem til å ha på dyrevelferda.

### Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre opphevar tidlegare vedtak om jakttid på Røldal SA og fastset jakttida på Røldal SA til å vare fram tom 30 september 2020 kl 1900.

Røldal FS opphevar samstundes vedtak om samjakt med Ullensvang, Eidfjord og Øvre Numedal SA frå same dato og klokkeslett.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 24

### Referat:

Saka vert diskutert pr epost med alle styremedlemer. Det var ikkje diskusjon i saka og alle medlemer gjekk for framlegg til vedtak utan ordskifte.



**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre opphevar tidlegare vedtak om jakttid på Røldal SA og fastset jakttida på Røldal SA til å vare fram tom 30 september 2020 kl 1900.

Røldal FS opphevar samstundes vedtak om samjakt med Ullensvang, Eidfjord og Øvre Numedal SA frå same dato og klokkeslett.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 24

Samrøystes

